

Oppsummering og grovsiling av innspel til
kommunedelplan for Knarvik – Alversund med
Alverstraumen

Innleiing

Det er kome 70 private innspel til planarbeidet.

Hovudvekta av innspela er arealinnspel, men det er òg innspel på viktige kvalitetar ein ønskjer skal takast vare på og utfordringar som innbyggjarar opplever innanfor planområdet.


I denne gjennomgangen er det gjort ei grovsiling av **arealinnspela** med ei tilråding til kva innspel som vert vurdert vidare i planarbeidet. Innspela som vert teke med vidare skal konsekvensutgreiast i samsvar med plan - og bygningslova § 4 – 2.

Innspela er vurdert i høve til:

- Planprogram
- Samfunnsdelen
- Nasjonale og regionale retningslinjer og føringar
- Lokale tilhøve (jordvern, kulturminne, landskapsverdiar, teknisk infrastruktur, grønstruktur mv).

Innspel til nytt bustadareal langs Fv. 404

I gjeldande kommuneplan(2011-2023) er det sett rekkjefølgjekrav til utbygging av nye bustadområde langs FV 404; Kap. 2 «2.9 Før utbygging av B28 og B29 på Fosse skal vegen utbetrast og det skal byggjast gang- og sykkelveg. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 4.».



Fylkesvegen er regulert med fortau, men ikkje utbygd. Det er fleire reguleringsplanar for nye bustadområde er sett på vent til fortauet er bygd. I tillegg er det utbyggingspotensiale i områda som er avsett til bustad. Når vegen vert utbetra og rekkjefølgjekravet fell bort er bustadarealet som ligg inne i gjeldande plan tilstrekkelig.

Etter administrasjonen si vurdering er det ikkje behov for å setje av meir areal til bustad i dette området i planperioden.


Arealstatus langs fv 404, utsnitt frå kommuneplanens arealdel

Indre Farlei

Det er fleire arealinnspel på å endre LNF til bustad og endre funksjonell strandsone langs Indre Farlei. Kartet nedanfor viser avgrensing av kjerneområdet for Indre Farlei i Alversund/ Alverstraumen.

Fleire eigedommar vart endra frå bustad til LNF i førre planprosess, bakgrunn for dette var å avgrense utbygginga i strandsona langs farleia. For å sikre landskapskvalitetane knytt til straumane, sundet og nærområda er det viktig å behalde ei restriktiv arealforvaltning i området.

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen



Etter administrasjonen si vurdering er det ikkje ønskeleg å endre arealformåla og funksjonell strandsone i området.

Kjerneområde Indre Farlei - Alverstraumen

Behov for nytt bustadareal

Oversikt over regulert bustadareal innafor planområdet viser at det er planlagt mykje meir nytt bustadareal enn befolkningsprognosane tilseier, det vil seie at det ikkje er behov for å leggje inn mykje nytt bustadareal, men vurdere kva type bustadareal ein treng.

I samfunnsdelen heiter det:

«STRATEGI 31: Auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod».

«STRATEGI 35: Sikre variert bustadbygging til folk i ulike livsfasar».

«STRATEGI 57: Leggje til rette buområde og aktivitetar som sikrar redusert behov for lokaltransport».

«STRATEGI 58: Ha auka fortetting i regionsenter og nærsentra»

Alle sentrumsnære arealinnspel på bustad vert teke med vidare i ei heilskapleg vurdering av nytt bustadareal.

Innspel på nye store bustadfelt som ligg i avstand frå Knarvik vert ikkje teke med vidare i vurderinga.

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

Landbruk

Mange av innspela gjeld endring av LNF til byggeareal i hovudsak bustad, ein del i område som er definert som omsynssone landbruk. I grovsiling av innspela er det vektlagt å ikkje «ta hol» på samanhengande landbruksområde.

Utdrag frå planprogrammet s. 15. «Landbruket i området er pressa på grunn av urbanisering, fortetting, aukane folkevekst, og akkurat no er det redusert aktivitet i landbruket. Vern av de dyrka og dyrkbare areala i landet er ei nasjonalt viktig prioritering.»

«Kommunedelplanen har som mål å i størst mogeleg grad ta vare på fulldyrka og overflatedyrka jord innanfor planområdet. Planen skal så langt det er mulig skjerme beiteområda og kulturlandskapet mot nedbygging.»

I samfunnsdelen heiter det:

«STRATEGI 23: Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket»

Friluftsliv og rekreasjon

Tilgang til tur- og naturområde i nærleiken til der folk bur er ei viktig målsetjing i planarbeidet, i grovsilinga er det vektlagt at viktige grøntareal og korridorar ikkje skal byggast att. Når likevel nokre bustadinnspel i grøntkorridor er teke med vidare i vurderinga vil det være ein premiss at grøntkorridoren vert ivareteke.

Utdrag frå planprogrammet s. 12:

«Mål for planarbeidet:

- Styrkje forbindelsar mellom bustadområda og turområda
- Leggje til rette for nærfriluftsliv, som er viktig for folk si helse. Om friluftsanset ligg i gangavstand til bustaden vil dei bli meir brukt»

I samfunnsdelen heiter det:

«STRATEGI 4: Utvikle grøntstrukturen i og rundt sentrum»

«STRATEGI 75: Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv»

«STRATEGI 37: Leggje til rette for å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa»

Grovsiling av innspel.

Innspela er gruppert etter tema; idrett, bustad, naust og næring.

Innspela markert med grått vert ikkje tilrådd teke med vidare i vurderinga.

Innspela som er med i vidare vurdering vert konsekvensutgreidd. Etter dette vert det gjort ei samla vurdering av følgjande innspel:

- Nytt bustadareal i Knarvikområdet
- Innspel på nytt næringsareal
- Endre fritidsbustadområde på Hilland til bustad (med låg utnytting)

| Nr | Gbnr. /område | Areal | Innspel frå | Tema | Administrasjonen si vurdering |
|---------------|---------------------|-------|---|---|--|
| IDRETT | | | | | |
| 1 | Knarvik idrettspark | | Innspel frå Lindås Idrettsråd v/Ketil Porsmyr | Idrett, behov for meir areal til idrett | Mulighetstudie for Knarvik idrettspark (2018) viser ei meir kompakt utnytting av området med mangfald av idrettsaktivitetar. Behov for nytt areal til idrett bør vurderast og løysast i Alver kommune. |
| 2 | Knarvik idrettspark | | Nordhordland Skeiseklubb v/ Atle Bergseth | Idrett, Fleirbrukshall for skøyter og andre idretter lokalisert til Knarvik, alternativ utendørs kunstisbane | Mulighetstudie for Knarvik idrettspark viser ei meir kompakt utnytting av området med mangfald av idrettsaktivitetar, kva aktivitetar som skal prioriterast vert ikkje avklart i KDP |
| 3 | Knarvik | | Nordhordland Ballklubb | Knarvik Idrettspark blir hovedanlegg for idrett i Alver kommune, må det settes av mer areal. ny 11-er bane må bygges i gangavstand til eksisterende anlegg i Knarvik Idrettspark. | Mulighetstudie for Knarvik idrettspark viser ei meir kompakt utnytting av området med mangfald av idrettsaktivitetar, kva aktivitetar som skal prioriterast vert ikkje avklart i KDP |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| Bustad + LNF spredt | | | | | |
|---------------------|---------------------|---------|--|--|---|
| 4 | Gbnr. 131/11 | 5,3 daa | Marit og Helge Sæthre | Eksisterande bustad, LNF til bustad | Indre farlei Funksjonell strandsone Delvis innafor omsynssone kulturmiljø Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering av LNF - område til bustadføremål. |
| 5 | Gbnr. 139/22 mfl | 1,4 daa | Aud og Halvor Bjordal | Eksisterande bustad, LNF til bustad | Indre farlei Funksjonell strandsone Delvis innafor omsynssone kulturmiljø Administrasjonen vil ikkje tilrå endring av LNF til bustad |
| 6 | Gbnr. 137/150 | 1,1 daa | Arne Alver | Eksisterande fritidseigedom, LNF til bustad | Ekspontert Indre Farlei Funksjonell strandsone, delvis innafor omsynssone kulturmiljø Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering av LNF - område til bustadføremål. |
| 7 | Gbnr. 139/8 | 35 daa | Bjarte Vatnøy på vegne av Rolf Tvedt | Landbrukseigedom LNF til bustad., parsell ned mot Alverstrømmen omgjort til gult, slik at den kan brukes til bolibygging. Arealet er ca 8,5 mål totalt, men deler er innen for 100m beltet, så man snakker vel om de 5,5-6 mål dom ligger fra 100meters beltet og opp, at resten ligger som grønt. | Bevare grønnstruktur i Tveiten, jordvern, ikkje behov for stort nytt bustadområde, Arealet mot Alverstraumen ligg i omssynssone landbruk og innafor funksjonell stransone, og Indre farlei Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering av LNF - område til bustadføremål |
| 8 | Gbnr. 145/18, | | Helge Inge Fosse | 4 bustad frå LNF til LNF spredt | Fv 404 – rekkefølgekrav, |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|----|-----------------------------|--------|----------------------|--|--|
| | Skarsvegen 363 | | | | bustadreserve stor nok når vegen er bygd ut. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til LNF spredt. Innspelet er med vidare etter styringsgruppemøte 12.september 2018 |
| 9 | Gbnr. 145/6 Skarsvegen 367A | | Jostein Alsvåg | Ønskjer utviding av B25 som er satt av til bustadføremål i gjeldande plan. LNF til bustad, frå ca 5 daa til 27 daa | Fv 404 – rekkefølgekrav, bustadreserve stor nok når vegen er bygd ut. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til Bustad |
| 10 | Gbnr. 141/2, Nedre Kvamme | 10 daa | Bjarne Gunnar Kvamme | LNF til bustad | Fv 404 – rekkefølgekrav, bustadreserve stor nok når vegen er bygd ut. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til Bustad |
| 11 | Gbnr. 142/2 | | Arild Kvamme | LNF til LNF –spredt med 3 nye bueiningar | Bevare landskapet, jordvern, ikkje behov for nytt bustadareal Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til LNF spredt. Innspelet er med vidare etter styringsgruppemøte 12.september 2018 |
| 12 | Gbnr. 141/2, Erstad | 24 daa | Bjarne Gunnar Kvamme | LNF til bustad | Bevare landskapet, jordvern, ikkje behov for stort nytt bustadareal Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til Bustad |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|----|---|-----------|--|--|--|
| 13 | Gbnr 140/4 | 55-60 daa | Innspel frå Arkoconsult AS på vegne av grunneigar | LNF til bustad | Bevare landskapet, jordvern, ikkje behov for nytt bustadareal Forslaget er ikkje i samsvar arealstrategiane til kommunen, det er ikkje behov for store nye bustadområde i planperioden, med målet om å styrke eksisterande senter og redusere transportbehovet. Konflikt med friluftsliv og landbruk. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til bustad. |
| 14 | Gbnr. 138/9 | 1,3 daa | Arkoconsult AS på vegne av Bustad og Eigedom AS | LNF til bustad(konsentrert) | Landskap, samanhengande LNF Bustadbehov i området, Indre farlei Administrasjonen vil ikkje tilrå endra frå LNF til bustad. |
| 15 | Gbnr. 139/13 | | Sameiget 139/13 | Eksisterande bustadeigedom, LNF til bustad | Innspelet vert vurdert i KU |
| 16 | Gbnr. 139/94 139/98, 99, 100, 101 139/45 139/11 139/13 | 3,6 daa | Lindås kommune, Sameiet 139/13v/ Øyvind Seljelid | Offentleg privat og LNF til bustad | Innspelet vert vurdert i KU |
| 17 | Gbnr. 139/10 | 0,8 daa | Oddvar Sundsbø | Endring av funksjonell + LNF til bustad | Indre farlei Funksjonell strandsone Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til bustad. Grensa for |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|----|-----------------|---------|--|--|--|
| | | | | | strandsona vert ikkje vurdert i dette planarbeidet |
| 18 | Gbnr. 134/54 | | Else Kurland | LNF til bustad | Innspelet vert vurdert i KU |
| 19 | Radøyveggen 289 | | Sølvi Merete Remme | Kommunalt vatn til Remme | Innspelet til VA-plan |
| 21 | Gbnr. 134/78 | 2,1 daa | Advokatfirmaet Hammervold Pind AS på vegne av Eiendomsvurdering AS | Fritidsbustad til bustad, endra funksjonell strandsone | Eksponeert i innseglinga til Indre Farlei, største delen av eigedommen ligg i funksjonell strandsone, auka utbygging i området ikkje ønskeleg, unngå terrenginngrep Det vert gjort ei samla analyse av heile fritidsbustadområde Analyse presentert, innspelet vart teke ut i politisk styringsgruppemøte 16.oktober 2018. |
| 22 | Gbnr 134/4 mfl | | Oddbjørn Haukøy og Håvard Dale | LNF til bustad | Det er ikkje behov for stort nytt bustadareal i området. Samordna areal og transport Største delen av eigedommen ligg svært eksponert og i funksjonell strandsone Administrasjonen vil ikkje tilrå endring frå LNF til bustad mm. Politisk styringsgruppe tok med innspelet vidare, men etter sterke signal frå Regionalt planforum vart innspelet teke ut. Innspelet vart teke ut i |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | styringsgruppemøte 12.12.2018. |
|----|-------------------|----------|---|---|--|
| 23 | Gbnr. 137/208/214 | ca 3 daa | Daniel Denckel | Planføremålet bustad først vidare og at utnyttinga vert auka | Vert vurdert i samband med utvikling av Alversund |
| 24 | Gbnr. 137/17 | ca 3 daa | Sameiet Svein Hjelmtveit, Rolf Hjelmtveit og Elin Westervik | Et nytt lokalsenter i Alversund med sentrumsfunksjoner, området sør for eksisterande Alversund skule vert endra til bebyggelse og anlegg. | Vert vurdert i samband med utvikling av Alversund. 13.11.2018, tilgrensande bustadområde er noko utvida i områdeplan Alverdsund. Adm. vil ikkje tilrå endringa, store delar av området ligg innanfor raud støysone. Bustadreserve på Hilland, evt. Alversund sentrum og Kubbaleitet + Breimyra. Innspelet vart teke ut i styringsgruppemøte 14.11.2018. |
| 25 | Gbnr. 137/19 og 2 | | Lars Øyvind Hillestad | LNF til LNF spredt, 3 - 5 tomter | Omsynssone landbruk, ikkje ønskeleg ta vare på samanhengande LNF Bustadreserve er tilstrekkelig i området. Administrasjonen vil ikkje tilrå endring frå LNF til LNF spredt |
| 26 | Gbnr. 137/84 | 4 daa | John Flatøy | Eiendommen skal utvikles til bolig i tråd med gjeldende kommuneplan, konsentrert | Adm. vil ikkje tilrå å endre arealføremål på deler av tomta som er LNF. Avkjørsel, tilkomstveg, |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|----|------------------|--------|---|-------------------------|---|
| | | | | | grøntkorridor Er vurdert i KU etter innspel frå styringgruppa |
| 27 | Gbnr. 137/102 | | Liv Unneland | LNF til bustad | Innspelet er i konflikt med grøntkorridor som sikrar tilkomst til tur- og friluftsområdet opp mot Tveitevarden. Nok bustadreserve på Kubbaleitet, Breimyra Er vurdert i KU etter innspel frå styringgruppa |
| 28 | Gbnr. 137/7 og 9 | | Vidar Mjøs på vegne av Byggmester Skare AS og Kjersti og Harald Sagstad | LNF til bustad | Innspelet er i konflikt med grøntkorridor som sikrar tilkomst til tur- og friluftsområdet opp mot Tveitevarden. Nok bustadreserve på Kubbaleitet, Breimyra Er vurdert i KU etter innspel frå styringgruppa |
| 29 | Gbnr. 137/511 | | Olav Sollid | LNF til bustadføre mål | Vert vurdert i planarbeidet. Er endra i områdeplan Alversund, endringa vert innarbeidd i KDP |
| 30 | Gbnr. 185/29 | 10 daa | Knut Solberg | Ubebygd, LNF til bustad | Strandsone Fareområde høgspent Bratt terreng Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering av LNF til bustad |
| 31 | Gbnr. 137/765 | | Endre og Målfrid H Valdersnes | Innspel til føresegnene | Vert vurdert i arbeidet med føresegnene |
| 32 | Gbnr | 5 daa | Ard Arealplan på | Friområde til bustad | Eksponert, |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|----|---------------------------|---------------|--|---|---|
| | 185/268 og 269 | | vegne av Thomas Aase | | utfordring med avkøyrsel, heile eigedommen ligg innanfor funksjonell strandlinje Innspelet vart teke ut i styringsgruppmøte 4.12.2018 |
| 33 | Gbnr. 188/1 | 56 bueiningar | ABO plan og arkitektur på vegne av Magnar Bleikli | LNF til bustad eller næring | Innspelet vert teke med til KU |
| 34 | Gbnr. 188/2 | | Johnny Edwardsdal og Wenche Remme | LNF til bustad | Vert vurdert i planarbeidet. Samla vurdering av bustad Innspelet vart teke ut i styringsgruppmøte 14.11.2018 |
| 35 | Gbnr. 188/375 | | Sindre Bleikli | LNF til bustad | Innspelet vert teke med i ei samla vurdering om behov for nytt bustadareal i planperioden Innspelet vart teke ut i styringsgruppmøte 14.11.2018 |
| 36 | Gbnr. 137/13 | | Lindås Tomteselskap | Offentleg privat tenesteyting til bustad | Automatisk freda kulturminne |
| 37 | Gbnr. 137/226, 473 og 261 | | Lindås Tomteselskap | Auka utnytting av bustadeigedom, evt makebytte med friområde | Auka utnytting, ikkje makebytte, vert vurdert i planarbeidet |
| 38 | Gbnr. 185/13 185 bnr 7 | | Lindås Tomteselskap Hans Kristian Dolmen og Kjersti Isdal | Kombinert føremål bustad/forretning/kontor. Isdalstø ved Spar Me ønskjer at dette føremålet vert ført vidare og at me kan kome att med innspel eller det vert ein avklarande dialog knytt til føresegner og eventuelle krav til rekkjefølgje for område. | I tråd med gjeldande KDP, krav om detaljregulering |
| 39 | Gbnr. 185/280 | | Lindås Tomteselskap | Friluftsområde(gjeldande reg.plan Juvikstølen) | I tråd med gjeldande KDP, |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|----|---|------------------------------------|---|--|--|
| | og 185/28 | | | til bustad | reguleringsendring gjeldande detaljplan. |
| 40 | Juvikstølen II | ca 54 dekar | Lindås Tomteselskap | LNF til bustad | Innspelet vart teke ut i styringsgruppemøtet 14.11.2018 |
| 41 | Langheiane gbnr.188/3 | | Lindås Tomteselskap | LNF til bustad | Del av innspelet som ikkje er i konflikt med markagrensa vert teke med vidare til KU. 30.11.2018 |
| 42 | Oterdalen (flere tomter) 188/628 og 630 (ved idrettsbane), 188/629 (en liten kolle i øst), og 188/805 | | Lindås Tomteselskap | Friområde til bustad Allmennyttig føremål til bustad | Innspelet vert teke med til KU i styringsgruppemøtet 14.11.2018 |
| 43 | Gbnr185/5 | | Aina Isdal Haugland, Pkt 2-11 er innarbeidd i felles innspel frå Isdalgardane(nr.7 3) | LNF til LNF spredt på Isdal | Innspelet ligg i omsynssone landbruk, vert ikkje tilrådd teke med |
| 44 | Gbnr 185/57 | | Reidar Bjørsvik | LNF til bustad, eksisterande bustad | Vert vurdert i planarbeidet, endring føresegn |
| 45 | Gbnr. 132/2 | Kom inn 2.oktober 2018 etter frist | Steinar Johnsen | LNF til bustad | Innspelet ligg i gul støysone langs Fv 565 og i omsynssone Indre Farlei. Er vurdert i KU fordi det ikkje er grovsilt |

| Naust | | | | | |
|-------|-----------------------------|--|----------------------------|---|--|
| 45 | Gbnr.137/288 Alverneset. | | Per Thorgersen | Bustad til naust Eksisterande naustmiljø, eit naust som ikkje er bygd | Administrasjonen vil ikkje tilrå endring frå bustad til naust Er vurdert i KU etter møte i politisk styringsgruppe |
| 46 | Gbnr.137/102 Sjøvika | | Liv Unneland | LNF til naust Eksisterande garveritomt og eksisterande naustetomt i Sjøvika vert lagt inn som naust | Administrasjonen vil ikkje tilrå endring frå LNF til naust Er grovsilt ut etter møte i politisk styringsgruppe |
| 47 | Gjervik Oldrane | | Magnar og Grete Bleikli | LNF til naust Utvide område med eitt eksisterande naust | Administrasjonen vil ikkje tilrå endring frå LNF til naust Er vurdert i KU etter møte i politisk styringsgruppe |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| Næring | | | | | |
|--------|--|---------|--|---|---|
| 48 | Gbnr. 137/13 | | Lindås Tomteselskap | Offentleg privat og LNF til Næring | Vert vurdert i KU |
| 49 | Gbnr 137/ 804 | | Lihiba AS v/ Lars Øyvind Hillestad | Offentleg privat tenesteyting til næring | Vert vurdert i KU |
| 50 | Gbnr. 188/ 5 | 35 daa | ABO plan og ark på vegne av KT og OPI Invest AS (Søderstrøm Hagesenter AS) | LNF til næring | Vert vurdert i KU |
| 51 | Hagellia - Klubben Gbnr. 185/347 og 277 | 9,5 daa | Lindås Tomteselskap | Friområde til næring og bustad | Vert vurdert i KU, areal til bustad vert teke ut. |
| 52 | Hagellia - Klubben Gbnr. 185/347 og 277 | | Industriutvikling vest v/ Børge Brundtland - | støttar innspel frå Lindås Tomteselskap | Vert vurdert i KU |
| 53 | Hagellia - Klubben Gbnr. 185/347 og 277 | | Haglsundet eigedom v/ Trond Vetås | støttar innspel frå Lindås Tomteselskap, behov for utviding av næringsområdet | Vert vurdert i KU |
| 54 | | | Leif Jan Fosse | Bustadeigedom til kontor | Vert ikkje med vidare |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|----|------------------------------------|--------|--------------------------------|--|--|
| 55 | Grensar til 139/20 og 139/72 m.fl. | | Kvamme, Asgeir | Bustad og LNF til bustad. Grensar til regulert bustadområde Stølshaugane. | Omsynssone landbruk H510 (Erstad-Kvamme oL31). Deler av omsøkt areal ligg som landbruksføremål og friluftsføremål i reg.plan Stølshaugane (1263-201302). Ledig bustadareal i nærleiken, fv. 404. Ikkje i samsvar med arealstrategiane til kommunen; ikkje behov for store nye bustadområder. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til bustad. |
| 56 | Gbnr. 141/3 | | Kvamme, Asgeir (2) | LNf til bustad. Grensar til regulert bustadområde Stølshaugane. | FOSSE. Ikkje handsama i grovsilinga pga feil info om at det var innspel til KDP KAA. Omsynssone landbruk H510 (Erstad-Kvamme oL31). Grensar til reg.plan Kvamsvågen - friluftsområde. Ledig bustadareal i nærleiken. Ikkje i samsvar med arealstrategiane til kommunen; ikkje behov for store nye bustadområder. Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til bustad. Deler av området er med vidare etter møte i styringsgruppa 14.11.2018-vurdert i KU |
| 57 | Gbnr. 141/1 | 20 daa | Toft, Kjartan og Runde, Ingunn | LNf til bustad. Grensar til bustadområde Stølshaugane. | Stølshaugane Ikkje handsama i grovsilinga pga feil info om at det var innspel til KDP KAA. Bandleggingssone kulturminne H_730_R. Nær til LNF-spreidd Erstad (0 einingar i planperioden). Administrasjonen vil ikkje tilrå omdisponering frå LNF til bustad. Området er med vidare etter møte i styringsgruppa 14.11.2018- vurdert i KU |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| LNF spreidd næring | | | | | |
|--------------------|----------------|--|--|--|--|
| 58 | Gbnr. 143/1/0 | | Hvidsten, Ove Georg | LNF til LNF-spreidd næring. Etablere jordtipp til overflatedyrka mark. | HÅLAND. Spørsmål rundt tilkomst og storleik på aktuelt område. Innspelet er vurdert i KU |
| 59 | Gbnr. 137/2/19 | | Hillestad, Lars Øyvind | LNF til LNF-spreidd næring. Areal til massehandtering for bakkeplanering for fulldyrka areal til grasproduksjon. | ALVER. Innspelet er vurdert i KU |
| 60 | Gbnr. 138/4 | | Tveiten Gard ved Anders Kvamme | LNF til LNF-spreidd næring. Fleire næringsinntekter for å utvikle næringsgrunnlaget på garden. | TVEITEN ØVRE. Innspelet er vurdert i KU |
| 61 | Gbnr. 185/7 | | Kjersti Isdal og Hans Kristian Dolmen | LNF til LNF-spreidd næring Gamle løa ønskjer me endra til næringsaktivitet som lager, gardsutsal og atlier med utstillingsmogleghet | Isdal Innspelet er vurdert i KU |
| 62 | Gbnr. 137/7 | | Kjersti og Harald Sagstad | LNF til LNF –spreidd næring Jordtipp på Buhaugen Nytte deler av "gamlefjøset" til å selge produkter frå egen gård. | Alver Innspelet er vurdert i KU |
| 63 | Gbnr. 139/3 | | Thomas og Trude Fosse Gbnr. 139/3 | LNF til LNF-spreidd næring, gardsutsal og bryggerilokale, utbetring av tilkomstveg og | Innspelet er vurdert i KU |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | | | |
|--|--|--|--|-----------------------------|--|
| | | | | leggje til rette parkering. | |
|--|--|--|--|-----------------------------|--|

| Andre innspel -kvalitet-tur-og friluft mv | | | Adm. merknad |
|---|--|---|--|
| 64 | Ove Ramsdal | <p>Ønsker at kommunen gjennomfører tiltak mot støy/miljøplager i forbindelse med kommunedelplanen for Knarvik- Alversund og kommunesammenslåing.</p> <p>Nevner særlig trafikken på Alverflaten.</p> | Innspela er vurdert i planarbeidet |
| 65 | Øyvind Seljelid | <p>Forslag om at det vert etablert omsynssoner (markagrense) i Alversund i områdene rundt Tveitavarden og Kvamsfjellet.</p> | Innspela er vurdert i planarbeidet, omsynsson friluftsliv erstattar markagrensa og er lagt inn rundt Erstadfjellet og Tveitavarden |
| 66 | Helge Sæthre | <p>Ønsker at lysfiske ikke blir tillatt i trange fjorder/sund i kommunen for å unngå rovfiske.</p> <p>Viser særlig trangt sund mot Radfjorden, hvor lysfiske er lov på ene siden, men ikke den andre. Har ført til forringing av fiskebestand</p> | Lysfiske vert ikkje regulert av arealplanen |
| 67 | Alvermarka velforening v/ Hans Kenneth Sundsbø | <p>-Vil jobbe for etablering av gangsti med universell utforming fra Kvamsvågen til Galteråsen langs østsiden av Tveitavannet. Kan eventuelt utvides fra Galteråsen til Juvikstølen. Bør tilrettelegges for traktorkjøring. Parkeringsplass foreslås i forbindelse med gangvei ned til Kvamsvågen i Hjortlandssvingene.</p> <p>-Tilrettelegging for gangvei: Rundt Hillandsvannet (universell utforming) fra vei over Erstadfjellet til Tveitavarden (universell utforming)</p> <p>-Bør vurdere behov for markagrense, særlig i forb. med gangvei Kvamsvågen – Galteråsen.</p> <p>-Ønskerlig å bevare og videreutvikle Tomteskogen som friområde/uteområde (137/344 og 137/25). Ber om at dette</p> | Innspela er vurdert i planarbeidet |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | |
|----|--|--|------------------------------------|
| | | <p>settes av som friområde.</p> <p>-Skjerme dyrket mark og beiteområder mot utbygging.</p> <p>-Ønsker at kommunen tar grep for å sikre at bebygde tomter likebehandles i spørsmål og byggesaker, uavhengig av regulering.</p> <p>- Mener «Tomteskogen» ikke bør settes av til fremtidig bustadområde. Mener kommunen må prioritere høyt at barn og unge i Alvermarka trenger større og bedre grøntområder, men lenger vekk fra fv. 565 enn eksisterende.</p> <p>Lonena Ønsker at de grønne områdene ellers i kommunedelplanen i Knarvik– Alversund med Alverstraumen blir ivaretatt som i tidligere plan.</p> <p>Alversund -Mener det er satt av nok nye bustadområder i eksisterende plan og mener å ta inn flere områder nå er feil arealbruk. -Strandsoneverdier og strandstier må bli et bærende element i den nye planen. -Landbruksarealene som fortsatt finnes må tas vare på</p> | |
| 68 | Naturvernforbundet Norhordaland v/ Jan Nordø | Ønsker skrinlegging av planene om bustadbygging, og i stedet fokus på Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen fortetting i eksisterende boligområder i Knarvik. | Innspela er vurdert i planarbeidet |
| 69 | Elisabeth Heradstveit | <p>-Ønsker bygging av paviljong i nærhet til Brekkeløypa, med plass til utekonserter.</p> <p>-Ønsker basseng i Knarvik</p> <p>-Ønsker sal for dans og yoga i Knarvik.</p> | Innspela er vurdert i planarbeidet |
| 70 | Arrangementskomiteen for aktivitetdagen i Brekkeløypa 2017 v/Espen Vesteraas Ragnhild Vesteraas Birthe K. Bjørstad | Foreslår flytting av markagrensa i Lonena ned mot Aktivetsløypa | Innspela er vurdert i planarbeidet |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | |
|----|--|---|------------------------------------|
| | Gry Anita Kjellstadli Øyunn Åsmul Færøy | | |
| 71 | Ragnhild Vesteraas | <p>Ønsker fortgang i fullføringen av sentrumsplaner med boliger i umiddelbar nærhet til Knarvik Senter og bussterminal, med kulturhus, kino, svømmehall og andre fritidstilbud som hører med i en byplan.</p> <p>Mener det bør tilrettelegges for at lokale tomteselskap og utbyggere for mulighet til å bygge ut boliger til familier og førstegangsetablerere i områdene rundt Knarvik sentrum.</p> <p>Ønsker å jobber for å utsette og begrense eller stanse utbyggingsplanene i Lonena</p> | Innspela er vurdert i planarbeidet |
| 72 | Espen Vesteraas | <p>Ønsker at Lonena tas inn i en helhetlig plan for arealdelen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen.</p> <p>-Utbygging i Lonena fremfor fortetting av eksisterende bebygde områder i Knarvik vil føre til stor skade for folkehelse.</p> | Innspela er vurdert i planarbeidet |
| 73 | Isdal Felles 185/1 – Knut Johannensen 185/2 – Kjetil Isdal 185/3 – Jan Morten Dale 185/4 – Vidar Ingebregtsen 185/5 – Reidun Dale Haugland, Aina Isdal Haugland 185/6 – Inger Isdal 185/7 – Kjersti Isdal, Hans Kristian Dolmen | <p>Innspel til planoppstart:</p> <p>-Heile Isdalbygda er teke med i planavgrensinga, men er ikkje nemnd i planen, bortsett frå når det gjeld behov for areal til friluftsområde for Knarvikbygda</p> <p>-planarbeidet/planprogrammet bygger på ei svært stor grad av usikkerhet fordi valet av trase for E39 vil ha svært ulike konsekvensar og påverke nærmast alle plantema på ulikt vis. Prosessen bør difor utsetjast til trase for E39 er valt.</p> <p>-Det bør komme fram under dette punktet at to av dei fire alternative traseane gjennom Knarvik er svært konfliktfylte, då dei vil få store negative følgjer for bygdene Isdal og Åse</p> <p>-Slitasje og sårbar natur, turområda kring Indregardsfjellet og Isdalfjellet, Stiane er ikkje opparbeidd, men går i naturleg terreng må tilrettelaggast og</p> | Innspela er vurdert i planarbeidet |

| | | | |
|--|--|--|--|
| | | <p>vedlikehaldast.</p> <p>-kryssing av fv57 på øvre Isdal er svært farlig</p> <p>-navnet Isdal er ikkje med på kartet som viser planavgrensinga</p> <p>-Innspel til program for KU når det gjeld Isdalsgardane</p> <p>-ha grunneigarar med frå tidleg av i den planprosessen som no kjem</p> <p>Når det gjeld det arkitektoniske og måten å bu på, kunne Isdal med fordel vere ei inspirasjonskjelde for korleis ein byggjer eit framtidig samfunn i Knarvik.</p> <p>Ny E39- Helsetruande faktorar som støy og støv vil øydelegge livskvaliteten til dei som bur her.</p> <p>Når kommunen ønskjer å sikre areal til friluftsliv så er det viktig at dette vert gjort i dialog med grunneigarane, slik at det vert tatt omsyn til landbruk, beitedyr, kulturlandskap og eksisterande busetnad.</p> <p>Innspel etter godkjent planprogram:</p> <p>Bustadområde – Kleivane</p> <p>Me ønskjer at det vart lagt til rette for ei utviding av bustadområde knytt til Juvikstølen.</p> <p>Landbruksområde</p> <p>Me ønskjer at omsynssone Landbruk kring Isdalgardane vert ført vidare. Det er i dei seineste åra starta opp drift ved to av gardane og all tilgjengeleg innmark vert halden i hevd og nytta til slått og beite</p> <p>Kulturlandskap og kulturmiljø</p> <p>Nordhordland og Isdal har mykje minne etter ein rik steinbyggjar tradisjon. Dette ser ein på vegar, bygningar, bakkemurar og steingardar. Isdal har moglegvis eit av dei få heilhetleg «anlegga» som er igjen i regionen.</p> | |
|--|--|--|--|

| | | | |
|--|--|---|--|
| | | <p>Identitet og historie Isdal og Gjervik</p> <p>Skogsdrift Skogsområda knytt til Isdal både mot Erstad, Gjervik og Åse byrjer å nærme seg hogstmoden alder. Det vil føre med seg store endringar i opplevelsen av landskapet. Samstundes er det behov for avkøyrsløse, velteplass og skogsveggar for gjennomføring av drifta. Me er usikre om nokon av desse elementa høyrer med i dette planarbeidet, men i den grad det er aktuelt ønskjer me nærare dialog om dette. Eventuelle skogsveggar kan kunne sjåast i samanheng med auka tilrettelegging av turveggar, friluftsliv og aktivitet i nærmiljøet.</p> <p>Markagrense Markagrensa må beholdast og utvidast mot Gjervik. Vidare bør marakgrensa etablerast nordover frå næringsområde på Galteråsen og til Erstadfjellet Me ønskjer at delar av eksisterande marakgrense kring Knarvik og til dømes Lonena vert skjøve lenger ned mot Knarvik enn den er i dag</p> <p>Trasé for E39 Har gjeve klart uttrykk for at bebuarane både på Isdal og Åse ikkje ønskjer E39 opp dalen nord frå Knarvik.</p> <p>Bumiljø og støy Støynivået har auka merkbart ved husa etter at dette tiltaket vart igangsatt. Me ønskjer støyskjerming i eit eller anna høve for å betre bumiljøet.</p> <p>Trasé for gang- og sykkelveg Me vil føreslå og ønskjer at trasé frå rundkøyringa oppe på Isdal opp til Kleivane og mot nordre delen av Juvikstølen vert vurdert/utreda.</p> <p>Friluftsområde Bruk og tilrettelegging, utmarka til Isdal og Gjervik allereie er og vil verte meir nytta som tur- og friluftsområde for Knarvik. Over tid vil me karakterisere vår oppleving knytt</p> | |
|--|--|---|--|

| | | | |
|--|--|---|--|
| | | <p>til dette som om at desse areala ikkje har noko historie eller eigarar og det jamt over berre er og ta seg til rette. Me ønskjer å markere at slik er det ikkje</p> <p>Turvegar (omfang og standard)</p> <p>Isdal felles har i dei seinare åra vore i mykje diskusjon med aktørar knytt til bruk, utnytting og ikkje minst vedlikahald av sti /turveggar i området</p> <p>Kyststien</p> <p>Endring i Isdalstø . Tidlegare hadde gardane fleire naustegrunnar, men etter at fergekaien kom vart arealet og tilgangen til sjø svært avgrensa. I seinare jordskiftesak er naustegrunnar, punkt for utlegg til båt, parkering og båtutsepp setla. Dette er tilhøve me ønskjer vert tydeleggjort samstundes som ålmenta både har tilgang til området og kan ferdast gjennom.</p> <p>Me ønskjer difor at mellom anna traséen for Kyststien vert lagt om ved kai/parkeringsområde i støa slik at farande vert leda opp langs dagens FV57 på fortauet og bort mot Isdalstøbakken og etter kvart lede inn på vidare kyststi mot Hagelsundet</p> <p>Dagens kommunedelplan og reguleringsplan båndlegg mykje av den tilgangen som tidlegare er gjeve under jordskifte og gjer vanskeleg bruk av dei svært begrensa areala som er knytt til gardsbruka.</p> <p>Ein kunne leggje til rette for eit form for «torg-ved-hamna» som vist i dei tidlegaste teikningane laga knytt til reguleringsplanarbeidet</p> <p>Vandring frå Isdalbakken til Hagelsundbrua</p> <p>Kyststi med ei vandring og utkikspunkt langs berga mot Hagelsund hadde vorespanande løysing</p> <p>Byggjegrænse mot veg og sjø</p> <p>Generelt, Byggjegrænse mot sjø og vassdrag er ikkje satt eller satt slik i overordna plan,(kommunedleplan) at ein må søkje om dispensasjon på eksisterande bebygd og regulert eigedom. Dette gjeld og gardstunet. Dette kan ikkje vere naudsynt og me ber om at det vert løyst i plankart eller føresegn</p> <p>Me kan ikkje byggje på regulert naustetomt</p> | |
|--|--|---|--|

| | | | |
|--|--|--|--|
| | | <p>utan å søkje dispensasjon. Dette gjeld sikkert fleire reguleringsplanar i kommunen og med ber om at dette vert avklart enten i plankart eller gjennom føresegn</p> <p>Byggjegrænse mot veg (Fylkesveg) Me meiner det ikkje er rett at kommunen skal handheve byggjegrænser mot fylkesveg, men eit ansvar som ligg til Statens vegvesen. Me ønskjer at dette vert tatt vekk frå arealplanen</p> <p>Idrettsanlegg i Knarvik Me meiner det er uheldig at det skulle verte bygd fleire idrettsanlegg i Knarvik. For ein stor del bur svært mange av dei ungane som skal delta i idrett ikkje i Knarvik. Når det er så stor mangel på utvikling av nærmiljø og idrettsanlegg utanfor Knarvik må ungane til ei kvar tid og aktivitet i all hovudsak køyraast.</p> <p>Grøntområde a. I Knarvik Viss Knarvik skal omformast slik som meininga er i Knarvikplanen må kvar einaste grønne lunge/areal i og rundt sentrum takast i vare Det trengst å ei «oppgardering» av felire av desse grønne areala da dei fremstår som villniss b. Me ønskjer både for eige og til dømes skuleungane sin bruk at mest mogleg av grøntområde og korridorar for snarveggar og liknande vert teke i vare gjennom det arbeidet som skal gjerast i Knarvik. Viss ein ikkje har slik oversikt bør det utarbeidast</p> <p>Overflatevatn a. Generelt Kommunedelplanen må setje rammer for korleis overflatevatn skal handteras og søkje å hindre at det oppstår utfordringar for nabo eller eigedom nedanfor«avrenningspunkt»</p> <p>Avlaup På Isdal er der ein eksisterande situasjon for avlaup. I hovudsak kum med filtreringsgrøt. Det har i lang tid vert snakka om at den gamle vassledningen skal/kan nyttast til avlaup. I høve til mogleg utvikling i dalen vil kommunedelplan kunne gje nokre rammer for om dette vil kunne realiserast</p> <p>Kraftledning Hovudtraseen for tilførsel av straum til</p> | |
|--|--|--|--|

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | | |
|--|--|---|--|
| | | <p>Knarvik kjem frå nord over Isdal. Det er vel neppe sannsynelig at traseen vert flytta med det fyrste, men med ønsjer å spele inn at viss dette på noko vis skulle vere tema ønsjer med traseen flytta då der er relativt nært bustadane, skjemmande i kulturlandskapet, tek mykje plass og bandlegg areal både på inn- og utmark</p> | |
| | | | |

Uttaler frå offentlege mynde

| Avsendar | Hovudpunkt i merknad/ uttale | Administrasjonen si vurdering |
|---|--|--|
| <p>1. Hordaland Fylkeskommune, Reginalavdelinga</p> | <p>Planprogrammet legg gode rammor for den vidare planprosessen, og blir i hovudsak vurdert til å følgje opp rammene i regionale planar.</p> <p><u>Areal- og transport</u>, utarbeide oversikt over arealreserven, bør bli utarbeidd som eit felles grunnlag for kommunedelplanen og kommuneplanens arealdel.</p> <p><u>Senterstruktur og handel</u>, -ikkje behov for å søke etter meir areal til handelsverksemd. –behov for lokalisering av verksemdar som er omfatta av unntaka i den regionale planføresegna, nær sentrum.</p> <p><u>Bustadutvikling</u>, - vurdere utbyggingsområde som enno ikkje er regulert på nytt, dersom dei ikkje er i tråd med mål og retningslinjer i regional plan. - Bustadplanlegginga bør vere basert på prognoser for hushaldsamansetting for å betre definere behov for bustadtypar.</p> <p><u>Friluftsliv</u> - høg tettleik vil føre til auka press på eksisterande grønstruktur i vekstsonene. -bør ein prøve å ivareta verdfulle grøntområde òg i desse vekstsonene. - tilkomst til kringliggjande større grøntområde prioriterast i planlegginga.</p> <p><u>Næringsutvikling</u>, -betydeleg underdekning av arbeidsplassar i kommunen. -stimulere til og legge til rette for vekst i næringslivet. - den regionale planen gir nokre prinsipp for lokalisering av ulike typar verksemdar -tilstrekkeleg arealreserve som dekkjer framtidige behov -vurdere behovet for næringsareal på kommunenivå. Her må kommunen sjåast i samanheng med regionale behov. -Fortettingsmogelegheitene i eksisterande område bør kartleggjast slik at ein får ei oppdatert oversikt over arealreserven for næring i kommunen. Kommunen bør kategorisere arealreserven og nye aktuelle næringsareal i kommunen og vurdere kor</p> | <ul style="list-style-type: none"> - Innspela vert teke med i planarbeidet - Kulturminne og kulturmiljø; forslag til føresegner – vert med i planprosessen - Dette er teke med i planprogrammet; i kapittel 6.3. «Kommunale planar».omtale områdeplan for Alversund |

| | | |
|--|---|--|
| | <p>eigna dei er for ulike typar verksemdar.</p> <p><u>Samferdsel,</u></p> <ul style="list-style-type: none">-Utfordringa for kommunen er lange avstandar og spreidd busetting og bilbaserte reiser.-det skal etablerast infrastruktur for gang- og sykkel. Det er eit riktig grep å fokusere på eit større område for å sikre heilskapleg planlegging.- I første omgang er det viktig å ta dei riktige grepa for å utvikle Knarvik til eit velfungerande regionsenter.-moglege løysingar, som til dømes aktiv satsing på sykkel ved å inngå sykkelbyavtale med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. <p><u>Kulturminne og kulturmiljø,</u></p> <p>Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none">- ber kommunen om å ta kontakt med Hordaland Fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren ved planlegging av kyststien. <p>i kapittel 6.3. «Kommunale planar».omtale områdeplan for Alversund</p> <p>I kapittel 8 «Program for konsekvensutgreiing» under tema «Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminne» vert det nemnd at det er gjort funn av automatisk freda kulturminne i Alversund. Vi gjer merksam på at det ligg fleire automatisk freda kulturminne i planområdet.</p> <ul style="list-style-type: none">-Dei førhistoriske kulturminna ligg ofte i nærleiken av gardsbusetnad, der det er høgt potensial for nye funn.-kystnære område er det høgt potensial for buplassar frå steinalderen, og sidan planområdet omfattar vassdrag og sjøareal, er det også potensial for nye funn av kulturminne under vatn.-Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at delar av planområdet ligg i eit prioritert areal for marine kulturminne med ein rik maritim historikk og kultur. | |
|--|---|--|

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | |
|--|--|--|
| <p>2. Fylkesmannen i Hordaland</p> | <p>Mykje bra arbeid med planprogrammet for KDP KAA 1.den vidare prosessen må beskrive</p> | <p>1. dette er gjort i utarbeiding av planprogrammet 2. Busetting av flyktningar ligg inne i</p> |
| | <p>dagens bustadsituasjon godt og lage eit arealrekneskap. 2. vurdere om denne planen er eigna for å få busett flyktningar. 3.Under punkt 6.1 i planprogrammet manglar Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. 4.Krav om utarbeiding av <u>ROS-analyse</u> i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.</p> | <p>bustadsosial handlingsplan, det vert del av planprosessen å vurdere kva som skal liggje innanfor planområdet 3. Dette er teke med 4. Er lagt inn i planprogrammet</p> |
| <p>3. BKK NETT AS</p> | <p>Ny transformatorstasjon i Knarvik-prosess med Lindås kommune om best mulig plassering, vil også kunne medføre omlegging av luftlinjer/ kabler. Ulemper og avbøtende tiltak mot bebyggelse er ikkje BKK sitt ansvar. Behov for nye nettstasjoner ved utbygging av området. Tiltak på strømsforsyningsnett må tiltakshaver som hovedregel dekke</p> | <p>Merknaden vert teke til orientering</p> |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | |
|--------------------------------|--|---|
| <p>4. Statens vegvesen</p> | <p>1.I planarbeidet må det gjerast reie for om utbygging i planområdet bygger opp om nullvekstmålet i personbiltrafikken. 2.Fv. 565 Alverflaten har stor trafikkmengde viktig å sette av tilstrekkeleg areal til utvikling av trygge og kapasitetssterke tilbud for gåande og syklende både langs med vegen og på tvers. 3.ikkje lokaliserer nye utviklingsområde som gir trong for meir kryssing av vegen eller fleire kryss på denne strekninga. 4. Alversund bru; anten gjennom ei politisk handsaming av forprosjektet eller gjennom konsekvensutgreiinga for KDP KAA, avklarar val av alternativ framføring 5.Framdrifta som er estimert i planarbeidet er <u>svært optimistisk</u>, vanskeleg å gjere ein fullgod konsekvensutgreiing for m.a. ny Alversund bru innan den avsette tidsramma.</p> | <p>1.Dette er innarbeidd i program for KU(men vart teke ut i vedtak av planprogrammet) Transportbehov er vurdert i KU 2 og 3. dialog med SVV i planarbeidet 4. Avklaring av prosess tidleg i planprosessen for KDP 5. Framdrifta er foreslått endra</p> |
| | <p>6. Planområda for KDP E39 Flatøy–Eikefettunnelen og KDP KAA har overlappende planområde,og vil ha innverknad på kvarandre. Det vil vere viktig med god dialog i planfasen for desse planane.</p> | |
| <p>5. Kystverket</p> | <p>Kystverket minner om at det er to bileier innanfor planområdet og at ein må ta omsyn til trafikken her i den vidare planlegginga.</p> | <p>Merknaden vert teke til orientering</p> |
| <p>6. Meland kommune</p> | <p>Lindås kommune har utarbeida eit godt planprogram som tek i seg utfordringane som må løysast i planområdet. Meland kommune vil understreke tydinga av det blir samarbeida på tvers av kommunegrenser for å løyse nokre av dei regionale utfordringane. Dette gjeld særleg tema knytt til å styrkje forbindelsane for gåande og syklende. Vidare gjeld det målet om å sikra tilstrekkeleg areal til friluftsliv, rekreasjon og å sjå næringsutvikling i eit overordna perspektiv. Dette vil skape eit godt bu og arbeidsplassmiljø knytt opp til regionsenteret i framtida som Alver kommune.</p> | <p>Merknaden vert teke til etterretning</p> |

Oppsummering og grovsiling av innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen

| | | |
|---|--|-------------------------------------|
| 7. Bergen og omland havnevesen | Det ligger til kommunens myndighet å ta stilling til ønsket arealbruk for området, vi presiserer imidlertid at det er viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs. Generelt er vi av den oppfatning at det ikke bør settes av større arealer i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig. Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. | Merknaden vert teke til orientering |
|---|--|-------------------------------------|